

Referat styremøte 2017

Møre & Romsdal Gjetarhundlag - MRGL

Styremøtet fann stad den 29.03.2017 i tidsrommet mellom klokka 16.00 og 18.00. på Systra cafe,Sjøholt.

Samtlege møtte:

- ✓ Merethe Hellevik (leiar)
 - ✓ Andor Bjørke, skrivar (vara for Bente Bonsaksen)
 - ✓ Ottar Ringstad
 - ✓ Maren-Ann H. Løvold
-

SAKER:

SAK 1; FM 2017

Maren-Ann informerte styret i MRGL om at NRG vil ta på seg årets arrangement for FM i Gjetarhund, m/finale den 01.10.2017. Ottar kunne informere om at dommer for FM var tinga; Bjørn-Ola Vaagaasarøygaard tek jobben med å dømme denne helga. Det betyr både DP laurdagen den 30.09.2017 og FM søndag den 01.10.2017 (begge to er med i grunnlaget for årets uttaksprøver, og Josten Røyset er kontaktperson for DP/FM arrangementet).

SAK 2; Uttaksprøver til NM 2017

Bakgrunn: MRGL fekk ikkje tildelt LP i år. Etter ein del diskusjon blei fylgjande vedteke:

- DP 1 den 27.05.2017 (Ukjent stad, publiserast nærare på MRGL.no)
- DP 2 den 27.05.2017 (Ukjent stad, publiserast nærare på MRGL.no)
- DP Follestadalen (Kolåstindprøva) den 03.06.2017
- DP i Batnfjordsøra den 30.09.2017
- FM i Batnfjordsøra den 01.10.2017

Merethe tek jobben vidare og gir beskjed om årets kvalikkopplegg til både MRSG og Gjetarhundrådet ved C. Kjellstrup.

SAK 3; Forslag til leiarkandidat i gjetarhundrådet

Vedtak; MRGL stemmer for leiarkandidaten Audun Seilen. Merethe tek jobben vidare med skriv om dette via MRSG til NSG Gjetarhundrådet v/C. Kjellstrup

SAK 4; Skriv fra Odd Bjarne Bjørdal m/fleire til Årsmøtet i MRSG

(Til info blei dette skrivet vidare styrebehandla den 28.03.2017 av styret i MRSG)

MRGL diskuterte skrivet fra Bjørdal, Lien og Sunde og konkluderte med at sidan denne saka blei lagt død i MRGL sitt årsmøte for 2016, anser styret saka for avslutta.

SAK 5; NM Overskotet (NM 2014)

Ref. Vedtak frå MRGL styremøte den 18.02.2017, fekk sekretæren jobben med å utarbeide eit skriv som leiar (etter godkjenning av MRGL sine styremedlemar) vidaresender til dei fire lokallagsleiarane (oppmoding om å avstå frå sin andel av overskotet frå NM 2014).

SAK 6; Norsk Nursery 2017

Styret diskuterte kort mulegheita for å søkje om arrangementet «Norsk Nursert 2017», og vedtok at leiar sender inn søknad på det innan frist 5 april (VSG har ytra ynskje om å få dette arrangementet)

SAK 7; Hotellrom NM 2017

Leiar informerte styret om at det er tinga 6 rom til formålet NM deltakelse. Styret vedtok vidare at romma vert frislepte for andre av MRGL sine medlemmer om det skulle visa seg at nokon av dei kvalifiserte til NM ikkje ynskjer å nytte denne bestillinga (merk at overnatting/kost og losji og evt. andre utgifter dei einskilde måtte ha ifbm NM deltakelse, ikkje dekkast av MRGL). MRGL vil gi beskjed om evt frislepte hotellrom til medlemmane via MRGL.NO.

Etter ei kort oppsummering vart styremøte med dette heva.

29.03.2017

Merethe Hellevik,

Ottar Ringstad,

Andor Bjørke,

Maren-Ann Helgesen Løvold